

Kartlegging av artsrike vegkantar i kontraktsområde 1102 (Høgsfjord) sommaren 2018



Toralf Tysse

Kartlegging av artsrike vegkantar i kontraktsområde 1102 (Høgsfjord) sommaren 2018

Ecofact rapport: 629

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Tysse, T. 2018. Kartlegging av artsrike vegkantar i kontraktsområde 1102 (Høgsfjord) sommaren 2018. Ecofact rapport 629.
Nøkkelord:	Europa-, riks- og fylkesvegar, flora
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-627-9
Oppdragsgivar:	Statens vegvesen (via Asplan Viak as)
Prosjektleder hos Ecofact AS:	Toralf Tysse
Prosjektmedarbeidarar:	Ole Kristian Larsen
Kvalitetssikra av:	Solbjørg Engen Torvik
Framsida:	Foto: Artsrik vegkant ved Botne, Strand kommune

www.ecofact.no

INNHOOLD

SAMMENDRAG	4
1 INNLEIING	5
2 METODAR	5
2.1 FØRINGAR	5
2.1.1 Omfang.....	5
2.1.2 Krav til artsrike vegkantar.....	6
2.1.3 Utformingar av artsrike vegkantar	6
2.1.4 Feltarbeidet	7
3 ARTSRIKE VEGKANTAR I KONTRAKTSOMRÅDE 1102 HØGSFJORD	8
3.1 UNDERSØKINGSOMRÅDET	8
3.2 EKSISTERANDE REGISTRERINGAR AV ARTSRIKE VEIKANTAR.....	8
3.3 OVERSIKT.....	9
3.3.1 Gjeldande lokaliteter.....	9
3.3.2 Lokaliteter som er fjerna.....	10
3.4 GJENNOMGANG AV DE ARTSRIKE VEIKANTENE	11
3.4.1 Lysefjordbrua, Forsand kommune	12
3.4.2 Ved Botnevatnet, Strand kommune	15
3.4.3 Solbakk, Strand kommune	18
3.4.4 Rivjaland, Hjelmeland kommune.....	21
3.4.5 Bjølland, Hjelmeland kommune	24
3.4.6 Fistervegen, Hjelmeland kommune.....	27
3.4.7 Randøy vest, Hjelmeland kommune	30
3.4.8 Askvika, Hjelmeland kommune	33
4 RAUDLISTEARTAR	36
4.1 SKJEGGKNOPPURT (<i>CENTAUREA PHRYGIA</i> SSP. <i>PSEUDOPHRYGIA</i>)	36
4.1.1 Status i Norge.....	36
4.1.2 Førekomst i kontraktssområdet	37
4.2 STORTROLLURT (<i>CIRCAEA LUTETIANA</i>).....	39
4.3 VESTLANDSVIKKE (<i>VICIA OROBUS</i>).....	39
5 REFERANSER.....	40

FORORD

Statens vegvesen tildelte Asplan Viak as oppdraget med å kartleggja artsrike vegkantar i kontraktsområda 1102 (Høgsfjord), 1105 (Indre Ryfylke) og 1207 (Stord) sommaren 2018. Ecofact har som underleverandør for Asplan Viak as gjennomført feltkartleggjinga og utarbeida rapportar for desse kontraktsområda. Denne rapporten omhandlar kontraktsområde 1105.

Feltregistreringa vart gjennomført av Ole Kristian Larsen og Toralf Tysse i perioden 25.-28.6. 2018.

Vi takkar Per Gerhard Ihlen (ved oppdragsgivar Asplan Viak as) og Mette Alsvik (ved Statens vegvesen) for godt samarbeid i prosessen.

Sandnes, 29.3 2019

Toralf Tysse

SAMMENDRAG

Skildring av oppdraget

I juni 2018 gjennomførte Ecofact kartlegging av artsrike vegkantar langs alle aktuelle vegar som Statens vegvesen har ansvar for i kontraktsområde 1102, Høgsfjord. Grunnlaget for feltarbeidet var føringar i avrop. Det skulle kartleggjast fem utformingar av artsrike vegkantar, med grunnlag i faktaark utarbeidd av Miljøfaglig Utredning. I tillegg skulle raudlisteartar langs vegkant registrerast.

Datagrunnlag

Tidlegare registreringar av artsrike vegkantar, både i NVDB og Naturbasen, vart lagt til grunn for feltarbeidet. Alle desse skulle sjekkast på ny. I tillegg vart det laga eit oversyn over registrerte raudlisteartar og naturtypar (utval av typar) nær aktuelle vegstrekningar som vart nytta under feltarbeidet. For kontraktsområdet 1102 var det tidlegare registrert tre artsrike vegkantar i Naturbasen og åtte lokalitetar i NVDB. To av lokalitetane i Naturbasen er og registrert i NVDB.

Resultat

Registreringar av artsrike vegkantar i kontraktsområde 1102 vart gjennomført i perioden 25. - 28.6.2018. Det vart registrert totalt åtte artsrike vegkantar. Av desse vart ein ført som A, to som B og fem som C lokalitetar.

Av dei åtte lokalitetane som tidlegare vart registrert i NVDB, vart 4 aksepterte som artsrike vegkantar med grunnlag i dei faglege føringane, medan fire vart tekne ut. Av dei tre artsrike vegkantane registrert i Naturbasen vart ein teken ut. Denne hadde omtrent same strekning som ein av NVDB lokalitetane. Tre nye artsrike vegkantar vart registrert i 2018.

Med unntak av alm (VU), vart tre lokalitetar med raudlista planteartar registrert. Desse fordelte seg på ein lokalitet med skjeggknoppurt (CR), ein med stortrollurt (VU) og ein med vestlandsvikke (NT).

1 INNLEIING

Statens vegvesen har som målsetting å få kartlagt artsrike vegkantar i tilknytning til europa-, riks- og fylkesvegar i Noreg. Føremålet med kartlegginga er å leggja til rette for at dei artsrike vegkantane vert tekne omsyn til i tilknytning til den årlege slåttan langs vegane.

I 2012 vart det utarbeidd ein metodikk for kartlegging av artsrike vegkantar i Noreg (Larsen og Gaarder 2012), og kartlegging av artsrike vegkantar har vorte gjennomført fleire stadar i Noreg i dei påfølgjande årane.

Statens vegvesen engasjerte Asplan Viak as for å kartleggja artsrike vegkantar i kontraktssområda 1102 (Høgsfjord), 1105 (Indre Ryfylke) og 1207 (Stord) sommaren 2018. For to av kontraktssområda, 1102 og 1105, vart det i 2014 gjennomført kartlegging av artsrike vegkantar (sjå Bjelland og Svinø 2014, Strøm 2014). Kartlegginga i 2018 må difor sjåast på som ein oppfølging av tidlegare undersøkingar, og inngår i ein 3-4 årleg revisjonsplan. For kontraktssområde 1207 (Stord) er det tidlegare ikkje gjennomført registreringar av artsrike vegkantar i regi av Statens vegvesen.

Ecofact har som underleverandør for Asplan Viak as gjennomført feltkartlegginga i dei tre kontraktssområda sommaren 2018. Denne rapporten omhandlar kontraktssområde 1102, Høgsfjord. Feltarbeidet vart gjennomført av Ole Kristian Larsen og Toralf Tysse i perioden 25. – 28.6.2018.

2 Metodar

2.1 Føringar

2.1.1 Omfang

Kartlegginga av artsrike vegkantar er basert på føringane som går fram av avropet Registrering av viktig naturmiljø langs veg. Driftskontrakt 1102 Høgsfjord, 1105 Indre Ryfylke og 1207 Stord. Nedanfor følgje ein gjennomgang av omfanget til oppdraget og faglege karakter, frå avropsdokumentet.

Oppdraget går ut på å registrera artsrike vegkantar/sideområde langs europa-, riks- og fylkesvegar i driftskontraktssområda 1102 Høgsfjord, 1105 Indre Ryfylke og 1207 Stord.

Arbeidet omfattar utsjekking av allereie kjende lokalitetar i Naturbase og NVDB, og kartlegging av nye lokalitetar, som anten ikkje er fanga opp i Naturbase, eller som ikkje har høg nok verdi i Naturbase.

Det skal òg gå fram kva for ein skjøtsel som må til for å ta vare på verdiane i lokalitetane. Dette gjeld m.a. klippetidspunkt, ev. fjerning av høyr m.m. I Statens vegvesen sin terminologi vert nemninga «artsrike sideområde» brukt om desse artsrike vegkantane.

2.1.2 Krav til artsrike vegkantar

Følgjande krav (innslagspunkt) setjast til lokalitetar som skal oppfylle ein artsrik vegkant (jf. avrop):

- (i) Alle areal som kvalifiserer som naturtypelokalitet etter DN-hb13 til A- eller B-verdiar. Naturtypelokaliteten er artsrik vegkant dersom han er intakt og innslag av raudlista artar.
 - a. Minimum lengd 50 m
 - b. MFU-kriteria 1 og 2
 - c. NVDB: Svært høg verdi
- (ii) Artsrike og varierte areal utan innslag av raudlista artar.
 - a. Minimum lengd 50 m
 - b. MFU-kriteria 3
 - c. NVDB: > 200 m: høg verdi, < 200 m: Nokon verdi

Med MFU-kriteria (punkt b) visast det til kriteria i faktaark for utformingane av artsrike vegkantar, utarbeidd av Miljøfaglig Utredning (MFU). Kriteria 1, 2 og 3 refererer til raudlisteart, to eller fleire regionalt uvanlege artar og eit tal karakterartar for lokaliteten (tal varierer mellom utformingane).

Med grunnlag i kriteriesettet ovanfor og i faktaarka, må ein lokalitet uansett vera minst 50 meter lang for at han skal kvalifiserast til artsrik vegkant. For å oppnå A-verdi, må det i tillegg vere innslag av raudlisteartar. Dersom innslag av raudlisteart, må artsmangfald, mengd raudlisteartar og lengd på vegen avgjera om lokaliteten vert sett til A- eller B-verdi. Her vil føringane i faktaarka ha betyding. Uansett vil slike lokalitetar ha svært høg verdi i NVDB.

2.1.3 Utformingar av artsrike vegkantar

I avropet vart det vist til fem utformingar av artsrike vegkantar som skulle registrerast:

- *Tørreng utforming Vestlandet*
- *Frisk/fuktig utforming Vestlandet*
- *Rasmark og kantsamfunn utforming Vestlandet*
- *Nordleg/alpin utforming*
- *Fukteng/våteng utforming*

For dei tre førstnemnte utformingane er det utarbeidd egne faktaark for Vestlandet av Miljøfaglig Utredning. For utformingane nordleg/alpin og fukteng/våteng er det nytta faktaarka i Larsen og Gaarder (2012).

2.1.4 Feltarbeidet

I samsvar med avropet, vart alle tidlegare registrerte artsrike vegkantar i Naturbasen og/eller i Vegkart undersøkt i felt. Andre potensielle område for artsrike vegkantar vart undersøkt i felt dersom floraen indikerte dette. Eit typisk signal om ein artsrik vegkant var eit fargerikt og variert vegetasjonsbilde.


Til hjelp for å lokalisera potensielle område vart det nytta kartutskrifter over viktige naturtypelokalitetar og raudlisteartar langs aktuelle vegstrekingar. Kontroll av berggrunnskart var òg ein del av forarbeidet.

Alle vegstrekingar innanfor kontraktsområdet vart køyrt opp.

3 ARTSRIKE VEGKANTAR I KONTRAKTSOMRÅDE 1102 HØGSFJORD

3.1 Undersøkjingsområdet

Kontraktssområde Høgsfjord omfattar vegstrekningar i Sandnes, Forsand, Strand og Hjelmeland kommunar. Den totale aktuelle vegstrekningen innanfor kontraktssområdet er på ca. 700 km. Dette inkluderer stort sett fylkesvegar, men òg ein riksveg (13) som går gjennom Strand og Hjelmeland kommunar. Figur 3.1 viser plasseringa av vegstrekningane innanfor kontraktssområdet.



Figur 3.1. Plassering av dei kartlagde vegane innanfor kontraktssområde 1102 Høgsfjord.

3.2 Eksisterande registreringar av artsrike veikantar

I Naturbasen er det lagt inn tre lokalitetar med artsrike vegkantar i Hjelmeland kommune innanfor kontraktssområdet. Dette gjeld lokalitetane BN00008842 (Rivjaland), BN00044997 (ved Hetlandsvatnet) og BN00044995 (Askvika,).

I NVDB er der registrert åtte lokalitetar med artsrike vegkantar i kontraktssområdet, fordelt på kommunane Sandnes (1 lokalitet), Forsand (1), Strand (1) og Hjelmeland (5). To av lokalitetane i NVDB, ved Hetlandsvatnet og Rivjaland, omfattar omtrent same strekningar som dei registrert i Naturbasen.

3.3 Oversikt


3.3.1 Gjeldande lokaliteter

Tabell 3.1 og figur 3.2 viser eit oversyn over dei artsrike vegkantane som vart registrert i kontraktssområde Høgsfjord sommaren 2018. Totalt åtte lokalitetar vart vurdert å oppfylle kriteria for artsrike vegkantar. Av desse, var fire tidlegare registrert i NVDB og/eller i Naturbasen, mens fire var nye lokalitetar. Det vart registrert tre lokalitetar med raudlista artar.

Dersom ein lokalitet oppført i tabell 3.1, tidlegare er registrert i NVDB og/eller i Naturbasen, vert det nytta same stadnamn i denne rapporten som i dei nemnde kjeldene.

Tabell 3.1. Oversikt over artsrike vegkantar i kontraktssområde 1105 Høgsfjord

Nr.	Veg	Stadnamn	Kommune	Utforming	Artsmangfald	Verdi
1	RV 13	Lysefjordbrua	Forsand	Tørreng	Ny lokalitet. 12 vanlege karakterartar. Inga regionalt sjeldne artar.	C
2	RV 13	Ved Botnevatnet	Strand	Tørreng	Ny lokalitet. 11 vanlege karakterartar. Inga sjeldne artar.	C
3	RV 13	Solbakk	Strand	Tørreng	Kjend lokalitet. <10 karakterartar, men innslag av vestlandsvikke (NT).	B
4	FV 633	Rivjaland	Hjelmeland	Tørreng	Kjend lokalitet. 11 vanlege karakterartar. Inga sjeldne artar.	C
5	FV 634	Bjølland	Hjelmeland	Tørreng	Kjend lokalitet. 11 vanlege karakterartar. Inga sjeldne artar.	C
6	FV 631	Fistervegen	Hjelmeland	Frisk/ fuktig	Kjend lokalitet. Fleire regionalt sjeldne artar og raudlistearten stortrollurt (VU)	A
7	FV 651	Randøy vest	Hjelmeland	Tørreng	Ny lokalitet. 10 vanlege karakterartar. Inga sjeldne artar.	C
8	FV 631	Askvika	Hjelmeland	Tørreng	Ny lokalitet. Fire planter av skjeggknoppurt (CR). Elles triviell flora.	B



Figur 3.2. Oversyn over plassering av artsrike vegkantar i kontraktsområde 1102, Høgsfjord.

3.3.2 Lokalteter som er fjerna

Fire lokalitetar som vart registrert som artsrike vegkantar tidlegare, vart tekne ut grunna at dei ikkje oppfylte krava til naturtypen og utforminga. Dette gjeld følgjande lokalitetar:

- NVDB lokalitet *Lyngnesvegen*, Sandnes kommune, med ID-nr. 456231440. Fukteng/våteng. Lokaliteten er teken ut grunna at han ikkje har nok karakterartar for utforminga. Det vart berre registrert 7 karakterartar for tørreng her, noko som er lite for ein 200 meter lang strekning.
- NVDB lokalitet *Øvre Espedal*, Forsand kommune, med ID-nr. 456231439. Tørreng. Lokaliteten er teken ut grunna at han ikkje har nok karakterartar for utforminga. Det vart berre registrert 7 karakterartar for tørreng her, noko som er lite for ein 200 meter lang strekning.
- NVDB lokalitet *Hetlandsvatnet*, Hjelmeland, med ID-nr. 456231434. Frisk/fuktig med tørreng. Lokaliteten er teken ut grunna at han ikkje har nok karakterartar for utforminga. Det vart berre registrert 8 karakterartar for tørreng her og færre artar for frisk/fuktig, noko som er lite for ein 900 meter lang strekning.
- Naturbase lokalitet *Hetlandsbygda* (Hjelmeland kommune), med ID BN00044997 og verdisetting til B (viktig). Lokaliteten har omtrent same strekning som lokaliteten

ovanfor. Den er altså teken ut med grunnlag i at den ikkje har oppnådd innslagsverdien for tal karakterartar, og dessutan ingen registrerte raudlisteartar eller regionalt sjeldne artar registrert. Hjortetrøst var tidlegare registrert på lokaliteten, og denne var då raudlista som NT (nær truga). Arten er no teken ut av raudlista.


- NVDB lokalitet *Askvika*, Hjelmeland kommune, med ID-nr. 456231438. Frisk/fuktig. Lokaliteten er teken ut grunna at han har få karakterartar for utforminga, og dessutan at det ikkje vart registrert raudlistearten skjeggknoppurt (CR) eller andre regionalt sjeldne artar korkje no eller i 2013. Det vert difor lagt til grunn at arten sannsynlegvis er utgått i området. Følgjeleg oppfyller heller ikkje lokaliteten kriteria for å inkluderast.

3.4 Gjennomgang av de artsrike veikantene

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei lokalitetane i kontraktsområde 1102 som går fram av tabell 3.1 og figur 3.2. Det er nytta standard Naturbase skjema for viktige naturtypar ved skildringane av lokalitetane. På innsende excel-skjema er dei same lokalitetane skildra etter NVDB systemet.

3.4.1 Lysefjordbrua, Forsand kommune

1. Lysefjordbrua, riksvei 13 (HP 6, 2495 - 2573, høgre side, 0 – 3 meter frå asfaltkant)



Figur 3.3. Geografisk plassering av lokaliteten.

Lokalitetsnummer (ID):	1
Kommune:	Forsand
Dato:	26.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik vegkant
Utforming:	Tørreng
Verdi:	C (noko verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringar av Toralf Tysse, Ecofact sørvest
Annan dokumentasjon:	Lokaliteten er tidligare ikkje registrert

Områdeskildring:

Innleiing:

Registreringane vart gjennomførte i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg langs høgre side av riksveg 13, ved tunnelinngangen like vest for Lysefjordbrua. Heile førekomsten ligg utanfor autovernet, på sørsida av vegen. Her grensar den til ei smal rad med ung lauvskog som veks i kanten av ein bratt skrent ovanfor Lysefjorden.

Berggrunnen består av leukogranitt, som er ein næringsfattig og hard bergart som ikkje gir grunnlag for rik og/eller krevjande vegetasjon. Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.4. Bilde av lokaliteten Lysefjordbrua.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er ført til utforminga tørreng. Vegetasjonstypen på lokaliteten er G4 Frisk fattigeng (Fremstad 1997).

Artsmangfald:

Lokaliteten er dominert av tørrengartar, men med eit visst innslag av artar som krev noka meir fukt. Totalt 12 karakterartar for tørreng utforming Vestlandet vart registrert: Prestekrage, tiriltunge, knollerteknapp, kystgrisøyre, krypvier, smalkjempe, prikkperikum, engfiol, gulaks, blåklokke, sauevingel og engfrytle. Gulaks var elles ein typisk mengdeart ved lokaliteten. Det var elles eit visst innslag av fuktkrevjande artar, som t.d. sløke. Lokaliteten vert framheva primært for eit relativt stort artsamangfald, sjølv om det berre vart registrert vanlege artar for distriktet.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrerte.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartane har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:

Lokaliteten ligg i tilknyting til ei vegskjering, nedst i ei bratt, skogkledd lside ovanfor Lysefjorden.


Den aktuelle artsrike vegkanten er truleg eit resultat av kunstig tilførsel av masse langs den opparbeidde vegen. Slike vegkantar er likevel ein del av kulturlandskapet som er forma gjennom opparbeidingar av vegar.

Verdigrunnngjeving:

Lokaliteten er sett til C-verdi, med *noko verdi* (NVDB). Dette vert grunnngjeve med førekomst av minst 12 karakterartar for tørreng utforminga Vestlandet, men utan innslag av sjeldne artar og ein strekning under 200 meter.

3.4.2 Ved Botnevatnet, Strand kommune

2. Ved Botnevatnet, RV 13 (HP 6, 9622 - 9777, venstre side, 0 – 4 meter frå asfaltkant)



Figur 3.5. Geografisk plassering av lokaliteten Botne.

Lokalitetsnummer (ID):	2
Kommune:	Strand
Dato:	26.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik vegkant (D03)
Utforming:	Tørreng
Verdi:	C (noko verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringar av Toralf Tysse, Ecofact sørvest
Annan dokumentasjon:	Lokaliteten er tidlegare ikkje registrert.

Områdeskildring:

Innleiing:

Registreringane vart gjennomførte i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved venstre side av riksveg 13, vest av Botnevatnet. Førekomsten ligg i stor grad på utsida av autovernet, men ein del av lokaliteten ligg utan autovern. Skog grensar til lokaliteten i vest.

Berggrunnen på staden er tonalittisk til kvartsdiorittisk gneis, fin- til middelskornt (NGU).

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.6. Bilde av lokaliteten Botne.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er ført til utforminga tørreng med grunnlag i faktaark for tørreng utforming Vestlandet.

Vegetasjonstypen er ført til D4 Frisk fattigeng med grunnlag i Fremstad (1997)

Artsmangfald:

Lokaliteten er dominert av tørrengartar, men med eit innslag av nokre artar som krev noka meir fukt. Totalt 11 karakterartar for tørreng utforming Vestlandet vart registrert: Engfiol, engfrytle, finnskjegg, gulaks, legeveronika, tiriltunge, knegras, tiriltunge, smalkjempe, prikkperikum og blåklokke. Artsutvalet var elles trivielt.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrerte.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartane har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:


Den artsrike vegkanten har truleg oppstått som ei følgje av tilførsel av grus og sand i samband med vegbygginga. Lokaliteten vert ikkje vurdert å ha samanheng med landskapet elles i området.

Verdigrunnngjeving:

Lokaliteten er vekta til C, med *noko verdi*. Dette vert grunnngjeve med førekomst av minst 11 karakterartar for tørreng utforminga Vestlandet, men utan innslag av sjeldne artar og strekning under 200 meter.

3.4.3 Solbakk, Strand kommune

3. Solbakk, RV 13 (HP 8, 6494 – 6646, høgre side, 0 – 3 meter frå asfaltkant)



Figur 3.7. Geografisk plassering av lokaliteten Solbakk.

Lokalitetsnummer (ID):	3
Kommune:	Strand
Dato:	26.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik vegkant (D03)
Utforming:	Tørreng
Verdi:	B (svært høg verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringer av Toralf Tysse, Ecofact sørvest
Annan dokumentasjon:	Lokaliteten er tidlegare registrert av Bjelland og Svinø (2014), og er i rapporten namngjeve som nr. 9, med objekt-ID 456231441 i NVDB. Føreliggande lokalitet omfattar likevel berre den eine sidan av vegen, og er betydeleg avkorta samanlikna med registreringane i rapporten nemnd ovanfor. Dette har samanheng med anleggsarbeidet knytt til prosjektet RYFAST.

Områdeskildring

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved høgre side av riksveg 13, ved Solbakk. Førekomsten grensar til private eigedomar, som den artsrike vegkanten delvis er skilt frå gjennom tette buskar. Lokaliteten er betydeleg innsnevra i tilhøve til eksisterande lokalitet i NVDB, noko som delvis har samanheng med at delar av vegkanten er øydelagd av anleggsarbeid knytt til vegprosjektet RYFAST.

Berggrunnen på staden består av tonalittisk til kvartsdiorittisk gneis, fin- til middelskornet (NGU). Denne berggrunnen er områdande hard og næringsfattig, og gjev stort sett ikkje grunnlag for krevjande planteartar.

Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, med klart oseanisk påverknad.



Figur 3.8. Bilde av lokaliteten Solbakk.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Den artsrike vegkanten er av Bjelland og Svinø (2014) ført til utforminga frisk/fuktig. Skildringa omfatta begge sider av vegen, og ei lengre strekning på høgre side. Med grunnlag i artsmangfaldet knyttet til høgre side av vegen i 2018, vert lokaliteten ført til utforminga tørreng. Dette vert grunngjeve med at det er tørrengartar som dominerer lokaliteten her, og at det er få typiske artar knytt til frisk/fuktig utforming.

Vegetasjonstypen er ført til G4 Frisk fattigeng, med grunnlag i Fremstad (1997)

Artsmangfald:

Lokaliteten er dominert av tørrengartar, men med eit innslag av nokre artar som krev noka meir fukt i grøfta. Totalt 7 karakterartar for tørreng utforming Vestlandet vart registrert: Knegras, tiriltunge, kystgrisøyre, smalkjempe, prikkperikum, gulaks, blåklokke og vestlandsvikke (NT). Den registrerte førekomsten av vestlandsvikke omfatta berre nokre få planter i eitt avgrensa område.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartene har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:


Den aktuelle artsrike vegkanten inngår som ein naturleg del av kulturlandskapet i tilknytning til riksveg 13 ved Solbakk. Området er likevel i dag prega av store inngrep som eit følgje av RYFAST utbygginga.

Verdigrunngeving:

Lokaliteten er skjønnsmessig vekta til B, med *svært høg verdi* (NVDB). Dette vert grunngeve med innslag av ein regionalt sjeldan art/raudlisteart i lav kategori (vestlandsvikke, NT) i kombinasjon med ein relativt artsrik vegkant. Mangelen på andre regionalt sjeldne artar eller raudlistearter gjer at lokaliteten ikkje oppfyller kravet til ein A-lokalitet.

3.4.4 Rivjaland, Hjelmeland kommune

4. Rivjaland, FV 633 (HP 1, 7941 - 8312, venstre side, 1 - 4 meter frå asfaltkant)



Figur 3.9. Geografisk plassering av lokaliteten Rivjaland.

Lokalitetsnummer (ID):

Kommune:

Hjelmeland

Dato:

26.6.2018

Areal:

Hovudnaturtype:

Kulturlandskap

Naturtype:

Artsrik vegkant (D03)

Utforming:

Tørreng

Verdi:

B (høg verdi)

Undersøkt/kjelder:

Feltregistreringar av Toralf Tysse, Ecofact sørvest

Annan dokumentasjon:

Lokaliteten er tidlegare registrert av Bjelland og Svinø (2014) som frisk/fuktig utforming. Den er i rapporten namngjeve som nr. 4, med objekt-ID 456231445 i NVDB. I nemnde rapport vart det registrert artsrik vegkant på begge sider av vegen, medan vi berre har inkludert venstre side av vegen. Lokaliteten er òg registrert i Naturbasen, med ID BN00008842. Også her er det berre venstre side av vegen som er inkludert som artsrik.

Områdeskildring:

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved venstre side av fylkesveg 633, ved Rivjaland. Lokaliteten er noko justert i tilhøve til Bjelland og Svinø (2014), som hadde ein anna avgrensing på venstre side av vegen i tillegg til ei strekning på høgre side av vegen. Høgre side av vegen er ikkje inkludert i denne rapporten, då den vert vurdert å ikkje oppfylle kriteria for artsrike vegkantar med grunnlag i faktaarkene.

Berggrunnen består av biotittgranitt; lysegrå, middelskornet, svakt deformert, stadvis med inneslutningar av amfibolitt og biotittgneis (NGU). Denne berggrunnen er hard og næringsfattig, og gjev stort sett ikkje grunnlag for krevjande planteartar. Innslag av amfibolitt vil likevel kunna slå ut i eit rikare planteliv lokalt.

Lokaliteten ligg elles i sørboreal vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.10. Bilde av lokaliteten Rivjaland.

Den artsrike vegkanten omfattar ei sone på 1 – 4 meter innanfor asfaltkant. Lokaliteten ligg i tilknytning til lauvskog og bergknausar. Skogen er områdande småvakse. På motsett side av vegen er det innslag av gråor-heggeskog.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten er ført til utforminga frisk/fuktig av Bjelland og Svinø (2014). Skildringa omfatta då begge sider av vegen. Med grunnlag i artsmangfaldet knytte til den aktuelle strekninga på venstre side av vegen i 2018, vert lokaliteten likevel ført til utforminga tørreng. Dette vert grunngeve med at det er tørrengartar som dominerer lokaliteten, og at det er få typiske artar knytt til frisk/fuktig utforming her.

Vegetasjonstypen er ført til G4 Frisk fattigeng, med grunnlag i Fremstad (1997)

Artsmangfald:

Lokaliteten er dominert av tørrengartar, men med eit innslag av nokre artar som krev noko meir fukt i grøfta. Totalt 14 karakterartar for tørreng utforming Vestlandet vart registrert på strekninga: Tiriltunge (m), kystgrisøyre, smalkjempe (m), prikkperikum, gulaks, blåklokke, skjermsvæve, jordnøtt, gjeldkarve, fagerperikum, grov nattfiol, engfrytle, bråtestorr og legeveronika. Av andre artar vert nemnt engkvein (m), ryllik (m), englodnegras (v), føllblom, markjordbær, smyle, engsyre, harestorr (v), tepperot (v), gulstarr, bleikstorr, grønnstorr, bergmjølke og småsmelle. Det er elles mindre oppslag av småplanter av svartor og øyrevier på fuktigare parti. Ingen framande artar vart registrert, og innslaget av nitrofile artar er avgrensa.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartene har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:


Lokaliteten inngår i eit dal-landskap som er prega av dyrka mark i dalbotnen og skog i lisdene. I tilknytning til fylkesvegen som går gjennom dalen er det relativt utstrakte førekomstar av meir eller mindre artsrike vegkantar som ikkje er gjødsla.

Verdigrunngjeving:

Lokaliteten er vekta til C, med *høg verdi* (NVDB). Dette vert grunngeve med at det er registrert relativt mange karakterartar for tørreng på lokaliteten (14) og at lokaliteten er relativt lang (371 meter). Ingen regionalt uvanlege artar er likevel registrert.

3.4.5 Bjølland, Hjelmeland kommune

5. Bjølland, FV 634 (HP 1, 1819 - 1902, venstre side, 0-3 meter frå asfaltkant)



Figur 3.11. Plassering av lokaliteten Bjølland.

Lokalitetsnummer (ID):	5
Kommune:	Hjelmeland
Dato:	27.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik vegkant (D03)
Utforming:	Tørreng
Verdi:	C (noko verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringar av Toralf Tysse, Ecofact sørvest

Annan dokumentasjon: Lokaliteten er tidlegare registrert av Bjelland og Svinø (2014), og er i rapporten namngjeve som nr. 3, med objekt-ID 456231435 i NVDB. Lokaliteten vart oppført som tørreng, som lokalt viktig (C-verdi), og omfatta då begge sider av vegen. I denne undersøkinga er den høgre sida av vegen ikkje inkludert, då det ikkje vart registrert nok karakterartar her.

Områdeskildring:

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Den artsrike vegkanten ligg ved venstre side av fylkesveg 631, like nord for Hetlandsvatnet. Lokaliteten ligg i tilknytning til gardsbusetnad, i eit variert kulturlandskap med veksling mellom intensivt drivne og ekstensive jordbruksområde. Avgrensinga av lokaliteten følgjer Bjelland og Svinø (2014).

Berggrunnen består av porfyrisk granitt-granodioritt (NGU). Denne berggrunnen er områdande hard og næringsfattig, og gjev stort sett ikkje grunnlag for krevjande planteartar.

Lokaliteten ligg elles i sørboreal vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten vart ført til utforminga tørreng av Bjelland og Svinø (2014), og artsutvalet tilseier at dette er ein korrekt vurdering.

Vegetasjonstypen knytt til lokaliteten er G4 Frisk fattigeng (Fremstad 1997).

Artsmangfald:

Under feltarbeidet vart det registrert stort sett avblomstra planter, noko som tilseier at tidspunktet ikkje var optimalt for registrering av denne lokaliteten. Likevel vart følgjande 10 karakterartar for utforminga registrert: Gulaks (m), kystgrisøyre, legeveronika, skjermsvæve, blåklukke, prikkperikum, blåmunke, jordnøtt, hårsvæve og mørkkongsllys. Av andre vanleg førekommande artar nemnast hundegras, raudsvingel (m) og tviskjeggveronika.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrerte.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartene har utvikla frø, dvs. etter 1.8 .

Del av heilskapleg landskap:


Lokaliteten inngår som eitt av fleire restareal i eit tidlegare intensivt drive kulturlandskap, og som i dag gjer området til eit variert og relativt artsrikt kulturlandskap.

Verdigrunngeving:

Det vart ikkje registrert meir enn 10 karakterartar på lokaliteten, og ingen regionalt sjeldne artar eller raudlisteartar vart funne. Då strekninga ikkje overstig terskelverdien på 200 meter, vektas difor lokaliteten som C, med *noko verdi* (NVDB).

3.4.6 Fistervegen, Hjelmeland kommune

6. Fistervegen, FV 631 (HP 1, 3861 – 4668, venstre side, 1-3 meter frå asfaltkant)



Figur 3.12. Plassering av lokaliteten Fistervegen.

Lokalitetsnummer (ID):	6
Kommune:	Hjelmeland
Dato:	27.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik veikant (D03)
Utforming:	Frisk/fuktig
Verdi:	A (svært høg verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringer av Toralf Tysse, Ecofact sørvest

Annan dokumentasjon: Lokaliteten er tidlegare registrert av Bjelland og Svinø (2014), og er i rapporten namngjeve som nr. 1, med objekt-ID 456231437 i NVDB. Lokaliteten er oppført som frisk/fuktig utforming, og er gjeve svært høg verdi (A). Strekinga inngår elles i ein viktig naturtype (rik edellauvskog) som er registrert i Naturbasen, med ID BN00008830. Lokaliteten er her vekta til B (viktig).

Områdeskildring:

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Staten sin vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Lokaliteten ligg ved venstre side av fylkesveg 631, like nord for Moldfall ved Fister. I denne rapporten er det nytta same avgrensing som av Bjelland og Svinø (2014).

Den artsrike vegkanten omfattar ei sone på 1 – 4 meter innanfor asfaltkant. Lokaliteten ligg i tilknytning til ein rik edellauvskog, med innslag av berg. På motsett side av vegen er det òg i stor grad rik edellauvskog.

Berggrunnen er biotittgranitt; lys grå, mellomkornet, svakt deformert, stadvis med inneslutningar av amfibolitt og biotittgneis (NGU). Denne berggrunnen er områdande hard og næringsfattig, og gjev stort sett ikkje grunnlag for krevjande planteartar. Innslag av amfibolitt vil likevel kunna slå ut i eit rikare planteliv lokalt.

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.13. Illustrasjon av lokaliteten Fistervegen.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Naturtypen er i denne rapporten registrert som artsrik vegkant, men strekninga inngår som ein naturleg del av, og i kanten av, ein rik edellauvskog. Artsmangfaldet knytt til den artsrike

vegkanten skil likevel seg til ein viss grad frå dei andre delane av edellauvskogen, både gjennom større lystilgang (pga. kantslått) og innslag av grøft og berg. Det er òg ein del artar knytt til tørreng på lokaliteten, og dessutan eit meir avgrensa innslag av fukteng i grøft. Lokaliteten vart likevel ført til utforminga frisk/fuktig, som er den dominerande utforminga.

Vegetasjonstypen knytt til lokaliteten er hovudsakleg D5, alm-lindeskog (Fremstad 1997).

Artsmangfald:

Lokaliteten er dominert av artar som er knytt til frisk/fuktig utforming, men med innslag av tørrengartar på delar av strekninga. På heile strekninga er det ein markert grøft i kombinasjon med bergvegg/skråning. Mellom grøft og asfaltkant er det innslag av smalare parti med tørreng.

Lokaliteten har ein relativt velutviklet førekomst av den raudlista arten stortrollurt (VU), og dessutan innslag av alm (VU) og ask (VU). I tillegg vart det registrert regionalt uvanlege artar som slakkstorr (stor førekomst i grøft), småborre og kjempevingel på lokaliteten. Av karakterartar for utforminga vert ellast nemnt brunrot, vårmarihand, junkerbregne og ramsløk. Artsutvalet er stort, med ei variert blanding av artar knytt til rik edellauvskog, og dessutan ein del meir typiske tørrengartar. Meir eller mindre vanlege, og til dels næringskrevjande, artar som svartknoppurt, smørbukk, hengeaks, lundrapp, skogvikke, kratthumleblom, skogsalat, bleikstorr, lundgrønaks finst og her.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Amerikamjølke vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartene har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:


Den aktuelle lokaliteten inngår som ei kantsone til ein mindre del av relativt ekstensive førekomstar av edellauvskogar i dette området. Skogliene er i stor grad bratte, men kledd med ulike typar edellauvskog frå fjord til litoppene.

Verdigrunngeving:

Lokaliteten er vekta til A, dvs. svært høg verdi, med grunnlag i førekomst av éin raudlisteart (VU), fleire regionalt sjeldne artar og eit stort artsamangfald. I tillegg omfattar lokaliteten ei lang strekning med artsrik vegkant (807 meter).

3.4.7 Randøy vest, Hjelmeland kommune

7. Randøy vest, FV 651 (HP 1, 374 – 8115, venstre side, 0-3 meter frå asfaltkant)



Figur 3.14. Plassering av lokaliteten Randøy vest.

Lokalitetsnummer (ID):	7
Kommune:	Hjelmeland
Dato:	27.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik veikant (D03)
Utforming:	Frisk/fuktig
Verdi:	C (høg verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringer av Toralf Tysse, Ecofact sørvest

Annan dokumentasjon: Lokaliteten er ikkje registrert i tilknytning til tidligare kartleggingar.

Områdeskildring

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Den artsrike vegkanten ligg på vestsida av Randøy, i tilknytning til eit skogkledd område. Lokaliteten ligger langs venstre side av fylkesveg 651, like ved krysset til kommuneveg 1070. Den artsrike vegkanten omfattar ei sone på 0 - 3 meter innanfor asfaltkant

Berggrunnen er biotittgranitt; lys grå, mellomkornet, svakt deformert, stadvis med inneslutningar av amfibolitt og biotittgneis (NGU). Denne berggrunnen er områdande hard og næringsfattig, og gjev stort sett ikkje grunnlag for krevjande planteartar. Innslag av amfibolitt vil likevel kunna slå ut i eit rikare planteliv lokalt.

Lokaliteten ligg i boreonemoral vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.15. Illustrasjon av lokalitet Randøy vest.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Det er en relativt smal sone med tørreng innanfor asfaltkant som utgjør utforminga. Innanfor denne er det grøft med innslag av meir fuktkrevjande artar. Den artsrike vegkanten er etablert på tilført grus og sand.

Vegetasjonstypen knytt til lokaliteten er tilnærma G4 Frisk fattigeng (Fremstad 1997)

Artsmangfald:

Artsmangfaldet ved lokaliteten er relativt trivielt, men artsrikt. Følgjande 12 artar knytt til utforminga tørreng vart lokalisert: Fagerperikum, prikkperikum, engfrytle, tiriltunge, legeveronika, kystgrisøyre, engfiol, bråtestorr, kystmaure, gulaks, smalkjempe og knegras.

Andre, til dels meir fuktkevjande, artar knytt til lokaliteten var grastjerneblom, raudsvingel (m), englodnegras (m), smyle, markjordbær, løvetann, kvitveis, myrtistel, tepperot, engkvein, blåkoll og fjellblom.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Ingen framande artar vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det vert rådt til slått etter at dei fleste karakterartene har utvikla frø, dvs. etter 1.8.

Del av heilskapleg landskap:


Den aktuelle lokaliteten ligg i eit topografisk variert landskap dominert av skog, men med innslag av kulturlandskap i tilknytning til busetnad.

Verdigrunngeving:

Totalt 12 karakterartar for utforminga tørreng vart registrert, men inga regionalt sjeldne artar. Derimot er aktuell strekning artsrik vegkant på heile 435 meter, noko som tilseier at lokaliteten har *høg verdi* etter NVDB. Då artsutvalet er trivielt i den artsrike vegkanten, vert lokaliteten sett til C.

3.4.8 Askvika, Hjelmeland kommune

8. Askvika, FV 631 (HP 1, 322 – 374, høyre side, 0-2 meter frå asfaltkant)



Figur 3.16. Plassering av lokaliteten Askvika.

Lokalitetsnummer (ID):	7
Kommune:	Hjelmeland
Dato:	27.6.2018
Areal:	
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	Artsrik veikant (D03)
Utforming:	Tørreng
Verdi:	A (svært høg verdi)
Undersøkt/kjelder:	Feltregistreringar av Toralf Tysse, Ecofact sørvest
Annan dokumentasjon:	Lokaliteten er registrert i Naturbasen som artsrik vegkant, og verdisatt til B (viktig) ID BN00044995.

Områdeskildring

Innleiing:

Registreringane vart gjennomført i samband med kartlegging av artsrike vegkantar for Statens vegvesen i driftskontraktområde 1102, Høgsfjord.

Plassering og naturgrunnlag:

Den artsrike vegkanten ligg i kulturlandskapet ved Askvika, like ovanfor Hjelmelandsfjorden. Den artsrike vegkanten omfattar ei sone på 0 - 2 meter innanfor asfaltkant.

Berggrunnen er i stor grad fyllitt, glimmerskifer, men det er òg innslag av biotittgranitt i sørvest (NGU). Fyllitt og glimmerskifer er erosjonssvake og relativt næringsrike bergartar, og gjev stort sett grunnlag for meir krevjande planteartar. Granitten er hardare og meir næringsfattig.

Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone, med klar oseanisk påverknad.



Figur 3.14. Illustrasjon av lokaliteten.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:

Lokaliteten består av ein slak bakke med vegetasjon dominert av artar knytt til både tørreng og edellauvskog. Han er ført til utforminga tørreng, då han har flest karakterartar knytt til denne utforminga. Lokaliteten har elles preg av gjengroing (figur 3.14), og vil truleg gro igjen om ein ikkje fjernar krattskogen som har kome opp. Lokaliteten er inkludert i utvalet berre med grunnlag i førekomst av den raudlista arten skjeggknoppurt (CR).

Vegetasjonstypen knytt til lokaliteten er ikkje ein klassisk G4 Frisk fattigeng (Fremstad 1997), men har likevel mest til felles med denne typen.

Artsmangfald:

Med unnatak av skjeggknoppurt, er artsamangfaldet relativt trivielt, og ikkje spesielt artsrikt. Det vart ikkje registrert meir enn seks karakterartar for utforminga; blåklokke, gjeldkarve,

smalkjempe, gulaks, tiriltunge og engfrytle. Skjeggknoppurt vart funne med totalt fire planter med ein meters mellomrom, like innanfor vegkanten.

Blant andre artar på lokaliteten nemnes smyle, markjordbær, revebjølle, beitesvæve, raudsvingel og løvetann.

Bruk, tilstand og påverknad:

Det er ikkje beiting eller nokon form for skjøtsel på lokaliteten.

Framande artar:

Buskfuru og skvallerkål vart registrert.

Skjøtsel og omsyn:

Det er svært viktig at slått ikkje vert gjort før i god tid etter 1.8. Det bør takast ut småtrær som etablerer seg langs vegkanten, men desse bør takast ut skånsam slik at ikkje markvegetasjonen vert forstyrta.

Del av heilskapleg landskap:

Den aktuelle lokaliteten ligg i tilknytning til busetnad og kulturlandskap. Arealet med vegkanten er eit restareal med tørrbakkeflora.

Verdigrunngeving:

Lokaliteten er noko marginal som artsrik vegkant, i den forstanden at den ikkje er spesielt artsrik og er ikkje ein klassisk utforming av tørreng. Lokaliteten har også av avgrensa lengde, og har strengt teke knappe 50 meter lengde slik han ligg i dag. Lokaliteten har likevel innslag av ein kritisk trua raudliseart, og er difor inkludert i utvalet. Det er og eit visst restaureringspotensial her, for å få tilbake noko av det opphavlege engpreget. Dette fordrar og at småtrær som har kome opp langs vegen, vert teken ut under slått om hausten.

Lokaliteten er gitt B-verdi med grunnlag i førekomst av fire plantar av skjeggknoppurt. Etter NVDB gir dette svært høg verdi. Går skjeggknoppurten ut her, så oppfyller ikkje lokaliteten krava til ein artsrik vegkant.

4 RAUDLISTEARTAR

Som ein del av oppdraget med å kartlegga artsrike vegkantar i Indre Ryfylke kontraktssområde, vart det òg registrert raudlisteartar. Frå før kjende lokalitetar med raudlista høgare planteartar langs vegkant vart sjekka ut i felt. Det vart òg gjort ein del innregistreringar av raudlista planter, spesielt i tilknytning til dei artsrike vegkantane.

I Høgsfjord kontraktssområde vart følgjande raudlisteartar registrert langs vegkant: Skjeggknoppurt (CR), stortrollurt (VU), alm (VU), ask (VU) og vestlandsvikke (NT). I kapittel 4.1 - 4.3 vert førekomsten av skjeggknoppurt, stortrollurt og vestlandsvikke i kontraktssområdet behandla. Alm og ask er såpass vanlege i distriktet at det ikkje er formålstenleg å inkludera dei.

Funnene av dei tre raudlisteartane som er behandla nedanfor er lagt inn på nettstaden Artskart <https://artskart.artsdatabanken.no>. Det er lagt inn ein registrering av kvar av dei tre artane.

4.1 Skjeggknoppurt (*Centaurea phrygia* ssp. *pseudophrygia*)


4.1.1 Status i Norge

Artsdatabanken har gitt skjeggknoppurt følgjande omtale og grunngiving for at arten er ført opp som kritisk trua i siste raudliste:

Skjeggknoppurt *Centaurea phrygia* ssp. *pseudophrygia* vurderes som kritisk truet (CR) fordi den trolig bare har få (1-6) gjenværende delforekomster, med små individtall (samlet under 200, grovt beregnet etter opplysninger i Artskart), etter en meget sterk og trolig pågående tilbakegang. Dette er en oppgradering fra sterkt truet i forrige rødliste, på grunn av fortsatt tilbakegang. Skjeggknoppurt har vært kjend fra ca. 22 forekomster i kyststrøk i VA Kristiansand, Mandal, Lyngdal og Farsund, Ro Kvitsøy, Stavanger, Rennesøy, Finnøy, Bokn, Tysvær, Hjelmeland og Suldal, Ho Bømlo og Bergen, og SF Solund, Hyllestad og Flora (se Fægri 1960, med noe utdatert kart). Den antas nå være forsvunnet, i hvert fall som 'renraset', fra Vest-Agder og Hordaland, muligens også fra Sogn og Fjordane, og fra de fleste kommuner i Rogaland (Stavanger, Suldal, Rennesøy, Bokn, Tysvær). G. Gaarder (pers. medd.) rapporterte om at sprøyting av veikant tok knekken på en av de siste populasjonene, i Ro Hjelmeland. Av de ca. 22 forekomstene kjend fra rundt 1900 og framover er fire dokumentert etter 1990 og kanskje tre etter 2000. Tilbakegangen har tre årsaker. Arten er knyttet til tørre engbakker som ble beitet (eller slått) og som nå forringes på grunn av endret/nedsatt utmarkbeite. Noen få forekomster synes være nedbygd. Dessuten hybridiserer planten med den langt vanligere svartknoppurt *Centaurea nigra* og er i ferd med å forsvinne som ren art/rase. Skjeggknoppurt er utbredt i et nokså smalt belte fra Alpene og Tyskland nord til Vestlandet. Den finnes i Danmark, men ikke i Sverige og heller ikke på De britiske øyer.

På Artsdatabankens Artskart, er det berre i Rogaland denne arten er registrert i dette hundreåret. Alle funna av arten bortsett frå eitt (Rennesøy), er registrert i Hjelmeland

kommune. Det nordaustlegaste av funnet på figur 4.1 gjeld lokalitet 1, Østerhus (sjå under kapittel 3).



Figur 4.1. Funnstader for skjeggknoppurt mellom 2000 og 2019 som er registrert i Artskart.

4.1.2 Førekost i kontraktssområdet

Skjeggknoppurt vart registrert berre på ein lokalitet i kontraktssområdet; på artsrik vegkant nr. 8, Askvika. Her vart det funne totalt 4 plantar, 3 planter tett inntil kvarander og ein plante med ein meters melomrom. Tabell 4.1 og figur 4.2 gir ei oversikt funnstadane. Det vart sjekka opp ein annan tidlegare kjend lokalitet for skjeggknoppurt i nærleiken, men her vart arten ikkje lokalisert.

Tabell 4.1. Funnstader av skjeggknoppurt på lokalitet 8, Askvika.

Nr.	Dato	Veg	Referanse	Kommentar
1	27/6	631	HP 1, 359 (høgre side) 6598457,318318N/-4969,374244Ø	En plante ca. 1,2 meter innanfor asfaltkant
2	27/6	631	HP 1, 360 (høgre side) 6598455,333998N/ -4968,022489 Ø	Tre planter ca. 1,2 meter innanfor asfaltkant



Figur 4.2. Plassering av funnstader for skjeggknoppurt innfor artsrik vegkant nr. 8, Askvika




Figur 4.3. Skjeggknoppurt innanfor lokalitet for artsrik vegkant, nr. 8, Askvika.

4.2 Stortrollurt (*Circaea lutetiana*)

Stortrollurt vart funnen kun innafor artsrik vegkant lokalitet 6, Fistervegen. Her var arten relativt funne i eit avgrensa område. Tabell 4.2 og figur 4.4 gir ei oversikt over funnstadene.

Tabell 4.2. Funnstader for stortrollurt i kontraktssområdet.

Dato	Veg	Artsrik vegkant	Referanse	Kommentar
27/6	FV 631	6. Fistervegen	HP 1, 3965 – 3988 (Venstre side), 6596882.79N/-7286.68Ø – 6596903.78N/-7290.15Ø	Rikelig med planter




Figur 4.4. Plassering av funnstrekning for stortrollurt innafor artsrik vegkant nr. 6, Fistervegen.

4.3 Vestlandsvikke (*Vicia orobus*)

Vestlandsvikke vart funnen berre innafor artsrik vegkant lokalitet 3, Solbakk. Her vart det funne nokre få planter innafor i eit avgrensa område. Tabell 4.3 og figur 4.4 gir ei oversikt over funnstadene.

Tabell 4.3. Funnstader for vestlandsvikke i kontraktssområdet.

Dato	Veg	Artsrik vegkant	Referanse	Kommentar
27/6	RV 13	3. Solbakk	HP 8, 6531 (høgre side), 6579220,795997N/-18963,215793Ø	Tre planter i eit avgrensa område



Figur 4.5. Plassering av funnstad for vestlandsvikke innafor artsrik vegkant nr. 3, Solbakk.

5 REFERANSER

Artsdatabanken, nettstadsadresse: www.artsdatabanken.no

Artskart, nettstadsadresse: www.artsdatabanken.no

Bjelland, T. og Svinø, K. E. 2014. *Artsrike vegkanter i Ryfylke*. Rådgivende Biologer. Rapport nr. 1982.

Direktoratet for naturforvaltning. 2007. *Kartlegging av naturtyper - Verdsetting av biologisk mangfold*. DN-håndbok 13 2. utgåve 2006 (oppdatert 2007).

Larsen, B. H. og Gaarder, G. 2012. *Artsrike vegkanter – metodeutvikling og evaluering av kartlegging i 2012*. Miljøfaglig Utredning, rapport 2012-40.

Strøm, K. B. 2014. *Registrering av artsrike veikanter 2014- 1105 Indre Ryfylke*. Ecofact rapport 408, 28 s.